



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

BJØRGUM SKULE



27.MARS – 30. MARS 2006



1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN

Bjørgum skule er den tredje største barneskulen i Voss kommune med 145 elevar. Det er 37 barn i SFO.

Skulen har 21 tilsette, 12 pedagogar, 5 assistentar, 1 lærling og 3 andre tilsette. Skulen ligg i eit naturskjønt område med svært gode tilhøve for å driva med mange ulike aktivitetar.

Skulen har eit godt samarbeid med idrottslaget Bjørgum IL.

3 VURDERINGSTEMA

Bjørgum skule har bede om vurdering på følgjande tema:

**Administrativ / pedagogisk organisering og klasseleiing,
som fører til læring for alle.**

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet og skulen sjølv.



Administrativt/pedagogisk organisering og klasseleiing som fører til læring for alle elevane

KRITERIUM/kvalitetskrav	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
<p>^{In} Inkludering og felles ansvar for elevane er ein del av skulekulturen</p> <p>Skulen fordelar ressursane slik at elevane får eit godt læringsmiljø</p> <p>Elevane får tilpassa opplæring.</p> <p>Klasseleiinga fører til eit lærande miljø</p>	<p>-verdisynet syner att i skulen sine planar -alle dei tilsette kjenner eit felles ansvar for elevane -det er eit trygt skulemiljø -skulen har læring og utvikling nedfelt i planar på alle nivå</p> <p>-administrasjonen har god kjennskap til dei tilsette sin kompetanse -administrasjonen er godt orientert om fagnivået i gruppene -bruken av lærarressursene vert vurdert jamnleg -fordeling av rom, utstyr og undervisningsmateriell er tilpassa dei einskilde undervisningsgruppene</p> <p>-elevane sitt læringsnivå er kjent -skulen evaluerer kartleggingsprøver -skulen kan setja inn tiltak etter evaluering -elevane er kjent med ulike læringsstrategiar -elevane har vekeplanar -planane har tydelege læringsmål -planane er tilpassa elevane sitt læringsnivå -arbeidsoppgåvene fører til læring og utvikling -i elevsamtalane/foreldresamtalane er målval og innhald i opplæringa tema</p> <p>-skuledagen har fast struktur -elevane opplever læraren som tydeleg og bestemt -elevane får vera med å ta avgjerder -det vert arbeid med sosial kompetanse -læraren stiller tilpassa faglege og sosiale krav -elevane er kjente med desse krava -læraren varierar undervisningsmåtene -læraren er kjent med elevane sine ulike læringsstilar -læraren "ser" den einskilde elev og syner omsorg -det er god tovegskontakt skule/heim -foreldra er nøgde med informasjon frå skulen si side -lærarane tek i bruk undervisningsutstyr/materiell tilpassa trinnet -det er rom for spontanitet og humor i skulekvardagen</p>



5 DELTAKARAR I VURDERINGA

Interne:

- Alle lærarane og assistentane
- Elevar
- Foreldra som svarte på spørjeskjema.
- Rektor

Eksterne:

- Hanne Sandvik og Willy Solberg frå vurderingsgruppa i Hardanger og Voss.

Grunngjeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld.

I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera elevane og dei tilsette.

Samstundes er det viktig å høyra korleis foreldra opplever skulen sitt arbeid. Desse har i denne samanhengen bidrege ved å svara på eit spørjeskjema.

Alle elevane frå 3. til 7. trinnet svarte på eit spørjeskjema, medan tilfeldig valde grupper på fire elevar – 2 gutar og 2 jenter – vart intervjuet på alle klassestega. På 4. trinnet vart 2 grupper intervjuet.

Det var skulen i samråd med vurderarane som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera involverte i vurderinga



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebear vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Veke 5	Avtale om møte med rektor og personale	Vurderarane
Veke 6	Gjennomgang og fordjuping i vurderingstema. Utarbeiding av forslag til kriterium	Vurderarane
Veke 7 15.02	Vurderarane møter personalet ved skulen. Mål med dette møtet er bl.a.: <ul style="list-style-type: none">- å avklara vurderingstemaet- å presentera forslag til kriterium for vurderingstemaet- å avklara kven som skal delta i vurderinga- å avklara ansvarsoppgåver for partane- å bli samde om tidsplan- vurderarne får med relevant materiell frå skulen	Vurderarane/ rektor
Veke 8	Skulen drøftar kriteria og kjem med evt. endringar og tillegg	Rektor
Veke 9	Skulen får materiell som skal fyllast ut for å gi vurderarane førehandsinformasjon	Vurderarane
Veke 10	Retur av utfylte skjema og liknande	Rektor og lærarar
Veke 12	Oppsummering av skjema. Utarbeiding av samtaleguidar.	Vurderarane
28.03	Observasjon i klassar. Intervju med lærarar og elevar.	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
29.03	Intervju med lærarar og elevar. Observasjon.	
30.03	Framlegging av førebels rapport til personale vart avlyst, grunna nasjonal streik. Framlegginga utsett til 19. april 2006.	
19.04 Vår 2006 Haust 2006	Endeleg rapport vert lagt fram for skulen, og vurderingsvedlegget vert gjeve til skulen Rapporten vert lagt ut på regionen si nettside. På rektormøte deler rektor sin erfaring m.m. med dei andre skulane.	Vurderingsgruppa Regionen Voss kommune.



7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, vennsapsloven, plan for samarbeid heimskule, elevmiljø og handlingsplan mot mobbing. Skulen sende og døme på vekeplanar/arbeidsplanar og halvårsplanar for alle trinn.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde eit framlegg til kriterium og teikn på god praksis ut i frå skulen sitt ynskje om vurderingsområde. Dette vart for omfattande, og skulen returnerte eit utval av kriterium og teikn som dei ville vurderast ut ifrå.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut spørjeskjema til partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar frå 3. til og med 7. trinn, foreldre på alle trinn, samt lærarar og assistentar. Skulen returnerte desse til vurderingsparet for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav:
overflatekunnskap om skulen og innblikk i trivsel, læringsmiljø, skule-heimsamarbeid og organisering av tilpassa opplæring.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi observerte og klasseromma til alle trinn på skulen.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla skjema og utsegner frå foreldre, elevar og tilsette mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

Inkludering, felles ansvar

- Leing og personale er vennlege og imøtekommande
- Fellesarrangement på skulen, særleg konserten, viser fellesskap og trivnad i skulesamfunnet
- Elevar med spesielle behov er inkludert i skulemiljøet
- Alle dei tilsette har ein open og god tone seg imellom
- Læring og utvikling er nedfelt i planar på alle nivå

Ressursfordeling

- Elevar med spesielle behov vert prioriterte i ressurstildeling
- Rektor har god kjennskap til dei tilsette og dei enkelte elevane
- Alle medarbeidarar tykkjer dei har god kontakt med rektor, og det er rom for å koma med eigne meiningar

Tilpassa opplæring

- Alle syner vilje til å prioritere tilpassa opplæring og skulen har mange tiltak sjølv om dei ikkje viser att i halvårs og vekeplanar
- Skulen har gode rutiner på kartleggingar og oppfølging av desse

Læringsmiljø

- Skuledagen har fast struktur
- Alle trinn har vekeplanar
- Lærarane ser den enkelte eleven og har omsorg for elevane
- Det er god kontakt mellom skule og heim
- Foreldra har stor tillit til skulen



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

INKLUDERING

1. Dei vaksne må få meir felles ansvar for alle elevane

Skulekulturen verkar to-delt. Dei to trinna arbeider godt kvar for seg, men forskjellige kulturar og delte ansvarsområde fører til at dei tilsette ikkje har eit felles ansvar for alle elevane.

Det vert arbeidd med sosial kompetanse i kvar klasse, men den felles mobbeplanen og venskapsloven fungerer ikkje som felles plattform for arbeidet med sosial kompetanse.

Det er nokre elev-konfliktar på skulen, og vi har ikkje inntrykk av at desse problema vert drøfta i heile kollegiet. Ein konsekvens av dette kan vera at elevane ikkje oppfattar dei vaksne som einige og konsekvente.

Også når det gjeld metodiske og fagligpedagogiske emne er det viktig at det er samanheng, kunnskap og kommunikasjon mellom årstrinna.

RESSURSFORDELING

2. Skulen bør ha grundigare drøftingar av disponering av ressursar før endelege vedtak.

Fleire lærarar gir uttrykk for at dei ville ha større medverknad når det gjeld ressurstildeling. Ein viktig grunn til å ta personalet med på slike drøftingar, er at dei best kan sjå korleis dei kan utnytte ressursane.

Skulen vekslar stadig fleire lærartimar om til assistenttimar. Det er viktig at personalet drøftar kva som er det optimale forholdet mellom lærar og assistenttimar.



TILPASSA OPPLÆRING

3. Vekeplanen må utviklast vidare slik at den syner tilpassa opplæring

Elevane har krav på tilpassa opplæring noko som er forsterka gjennom skulereformen kunnskapsløftet. Alle elvar bør difor få ein vekeplan som høver deira nivå. Vi meiner ikkje at alle elevar skal få kvar sin plan, men at skulen arbeider for å ha ein felles mal på vekeplanane som sikrar meir differensiering.

Læringsmåla bør bli tydelegare for å auka elevane sin refleksjon over eiga læring.

LÆRINGSMILJØ

4. Skulen må arbeida med å utvikla seg frå arbeidsmåtar til læringsstrategiar

Skulen driv i dag med ulike arbeidsmåtar, men mange gonger utan tanke på at elevar kan nå eit og same læringsmål via ulike vegar. Ved at skulen nyttar ulike arbeidsmåtar, er ein eit steg på rett veg, men ein må vera obs på at ikkje alle elevane får fullt utbytte av berre ein arbeidsmåte på vegen mot eit læringsmål. For å nå eit læringsmål bør skulen prøva å bruka ulike arbeidsmåtar til kvart læringsmål.

Stort sett nyttar alle elevane den same arbeidsmåten samstundes; t.d. alle skriv alle teiknar, heile gruppa dramatiserar, alle lyttar til lærar si forklaring.

Neste steg på læringsstigen er at den enkelte elev kan nytta ulike metodar for å nå same mål. For at lærar skal kunne vera leiar og rettleiar for ein slik læringsprosess, må lærarane læra meir om læringsstrategiar.

5. Skulen bør disponera romma slik at alle klassar har same høve til å gje elevane eit godt læringsmiljø.

Dei tronge klasseromma i den eldste avdelinga og manglande grupperom hindrar variasjon i undervisningsmåtar.

Me meiner at 4.- 7.trinnet får dårlegare læringsmiljø, då dei berre nyttar den eldste delen av bygget. Skulen bør i fellesskap drøfta om det er mogeleg å disponera heile bygget annleis.



10 VIDARE ARBEID ETTER MND - ÅR – SKULE

Utviklingsområde	Idear
1. Dei vaksne må få meir felles ansvar for alle elevane	Bruka meir av PU tida til drøfting av sosial kompetanse og ulike metodiske og faglege emne.
2. Skulen bør ha grundigare drøftingar av disponering av ressursar før endelege vedtak.	Personalet bør kome tidlegare inn i beslutningsprosessar.
3. Vekeplanen må utviklast vidare slik at den syner tilpassa opplæring	Det er eit stort utviklingsarbeid å laga tilpassa vekeplanar. Vi vil rå til at skulen lagar felles malar, og at ein i starten differensierar i to eller tre nivå. Viser til Kjell G. Moen si bok om arbeidsplanar. Ein lærar har to læringsmål på vekeplanen, eit mål set læraren, og eit mål må elevane sjølv velja. Det er eit godt døme på korleis ein kan starte arbeidet med læringsmål på vekeplanen.
4. Skulen må arbeida med å utvikla seg frå arbeidsmåtar til læringsstrategiar	Nytta kompetanse som allereie er på skulen. Vidareutvikla bruk av arbeidsplan på alle trinn.
5. Skulen bør disponera romma slik at alle klassar har same høve til å gje elevane eit godt læringsmiljø.	Felles drøfting i god tid før neste skuleår.

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss den 30. mars 2006.

Hanne Sandvik
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

Willy Solberg
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

Påstandsskjema for elevar ved Bjørgum skule.
Våren 2006

	Påstand	Heilt einig	Litt einig	Ueinig
1	Eg trivst på skulen			
2	Eg kjenner innhaldet i skulen si Vennskapslov			
3	Det er få konfliktar på skulen			
4	Vi snakkar om mobbing i klassen			
5	Det er arbeidsro i timane			
6	På vekeplanen kan eg velja oppgåver som er passe vanskeleg for meg			
7	På vekeplanen min står det tydeleg kva eg skal læra denne veka			
8	Eg arbeider på ulike måtar i løpet av ein skuledag			
9	Eg får vera med å bestemma kva eg skal læra			
10	Eg veit kva eg skal gjera på skulen kvar dag			
11	Eg har elevsamtale med læraren min kor vi mellom anna snakkar om korleis eg har det på skulen			
12	Eg veit kva læraren ventar av meg når det gjeld skularbeidet			
13	Læraren gjev tilbakemelding på korleis eg gjer skularbeidet			
14	Læraren varierer måten han/ho underviser på			
15	Læraren er rettferdig og bestemt			
16	Læraren min snakkar med meg kvar dag			
17	Eg brukar data i skularbeidet			
18	Klasserommet vårt er triveleg			
19	Dei vaksne heime får sjå vekeplanen min kvar veke			
20	Foreldra mine greier å hjelpa meg med leksene			



VEDLEGG 2

Påstandsskjema for føresette ved Bjørgum skule.

	Påstand	Heilt einig	Litt einig	Ueinig
1	Barnet mitt likar seg godt på skulen			
2	Vi kjenner til innhaldet i Vennskapslova ved skulen			
3	Det er lite konflikhtar på skulen			
4	Læraren "ser" eleven/snakkar til eleven kvar dag			
5	Det er vårt inntrykk at barna er trygge på kvarandre på skulen			
6	Vi synest skulen informerer godt om korleis vårt barn greier seg på skulen			
7	Vi opplever foreldresamtalane som nyttige			
8	Barnet si faglege- og sosiale utvikling er tema under foreldresamtalane			
9	Vi kjenner godt til skulen sin verksemdsplan			
9	Vi opplever årsplanane i faga som nyttige for å fylgja med på kva klassane arbeider med			
10	På vekeplanane får vi god informasjon, og planane har tydelege mål om kva elevane skal lære			
11	Eleven får arbeidsoppgåver som han/ho meistrar			
12	Eleven får også oppgåver han/ho vert utfordra på			
13	Det er vårt inntrykk at læraren viser engasjement og humor i undervisninga			
14	Vi får jamnleg og god informasjon frå skulen			
15	Vi opplever det som lett å ta kontakt med skulen			
16	Vi som foreldre støttar opp om skulen og skulearbeidet			
17	Vi er nøgde med det faglege innhaldet og undervisninga på skulen			
Andre kommentarar – positive/negative:				



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

Påstandsskjema for tilsette ved Bjørgum skule.

Våren 2006

	PÅSTAND	I høg grad	I noko grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Eg trivst på skulen				
2	Det er god informasjonsflyt mellom skuleleiing og dei tilsette				
3	Ressursdisponeringa ved skulen er fornuftig				
4	Lærarressursane vert nytta fleksibelt				
5	Vi drøftar metodiske og pedagogiske tema i kollegiet				
6	Skulen drøftar resultatane av kartleggingsprøvene og set i verk nødvendige tiltak				
7	Spesialundervisninga fungerer godt				
8	Det er satt av rikelig tid til teamsamarbeid				
9	Venskapslova vert diskutert jamnleg i klassen				
10	Eg gjennomfører godt førebudde elevsamtalar				
11	Elevane får opplæring ut frå sine føresetnader				
12	Eg veit til ein kvar tid kor elevane mine står fagleg				
13	Elevane får tilbakemeldingar med utviklingsråd i arbeidet de gjer				
14	Eg legg opp til varierte arbeidsmåtar				
15	Det går føre seg fleire læringsaktivitetar samstundes				
16	Elevane kjenner læringsmåla				
17	Elevane er kjende med ulike læringsstrategiar				
18	Elevane deltek i planlegginga av eigen læresituasjon				
19	Eg nyttar IKT i undervisninga mi				
20	Eg gjev elevane merksemd kvar dag				
21	Det er arbeidsro i timane				
22	Møbleringa i klasserommet inspirerer til læring				
23	Foreldra får tilbakemelding om eleven si faglege og sosiale utvikling				
24	Foreldra er kjende med dei ulike læringsstrategiane skulen nyttar				
25	Foreldra er godt kjende med skulen sine planar				
26	Det er lagt til rette for ein god to-vegs kommunikasjon når skule og heim møtast				
27	Eg har oversikt over alle planane skulen har				